

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe

2015/2526-13

Saksbehandlar

Gunn Tove Petterteig

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2017/73	Formannskapet	12.10.2017
2017/77	Formannskapet	18.10.2017

Høyring - Forslag til investeringsprogram for fylkesvegnettet til Regional transportplan i Hordaland 2018-2029

Vedtak frå Formannskapet den 18.10.2017

Kvinnherad kommune støttar punkta i saksframlegget.

- 1. Prosjektering og gjennomføring av rassikring Matre – Åkra fylkesveg 40*
- 2. Framkommelegheit for tømmer/tungtransport: Prosjektering av bruer. Vi har mange bruer som blir flaskehalsar og problematiske for gåande og syklende i denne samanhengen.*
- 3. Trafikksikringstiltak i tilknytting til bustadfelt med gangavstand til regionsenteret og skulesenteret på Husnes. Fylkesveg 44 Kaldestadvegen.*
- 4. Kollektivtiltak i Kvinnherad kommune. Vi viser til synfaringssrapport til Hordaland fylkeskommune, statens vegvesen og Skyss 23 juni 2016 Kvinnherad kommune vil spesielt peike på utfordringane på ferje/snøggbåtkaien på Sunde sine behov for trafikksikring, parkering og buss (ankomst – venteplass og avgang).*
- 5. Punktutbetring i samsvar med investeringsprogrammet. Viktigast er trafikksikring skuleveg.*

Saksutgreiing:

Fylkeskommunen inviterar m.a. kommunane til å koma med ein uttale til investeringsprogrammet for fylkesvegnettet. Endeleg høyringsfrist er 20 oktober 2017

Kvinnherad kommune ynskjer å koma med fyljande synspunkt.

Kvinnherad kommune registrerer at det ikkje er sett av vesentlege midlar til investeringar i Kvinnherad. Dette vert opplevd å vere eit resultat av avgrensa rammer.

Kvinnherad vil be om at det vert sett i gang eit systematisk arbeid som gjennom samarbeid med kommunane kan gjere synleg trong for auka rammer.

Med Kvinnherad kommune sine 116 km «Overordna fylkesvegar» og 164 km «Øvrige fylkesvegar», har vi totalt 280 km med fylkesvegar i Kvinnherad.

Dette utgjer over 9 prosent av samla fylkesvegnett i Hordaland (Bergen inkludert).

Prosentvis del av fylkesvegnettet i ein kommune bør i stor grad vera førande for tilsvarende fordeling av både drifts-/vedlikehaldsmidlar, trafikksikringsmidlar og investeringsmidlar. Dette er langt frå tilfelle i forslag til investeringsprogrammet.

Kvinnheradpakken prioriterar berre overordna fylkesvegnett. Vi ynskjer tiltaka i Kvinnheradpakken konkret innarbeida i planen.

I høyringsbrevet (<https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/politikk/hoyringer/hoyringsbrev-til-investeringsprogrammet.pdf>) er det oppmoda om å melda inn konkrete samarbeidsprosjekt. I Kvinnherad vil vi peika på fyljande konkrete forslag til ulike prosjekt.

6. Prosjektering og gjennomføring av rassikring Matre – Åkra fylkesveg 40
7. Framkommelegheit for tømmer/tungtransport: Prosjektering av bruer. Vi har mange bruer som blir flaskehalsar og problematiske for gåande og syklande i denne samanhengen.
8. Trafikksikringstiltak i tilknytting til bustadfelt med gangavstand til regionsenteret og skulesenteret på Husnes. Fylkesveg 44 Kaldestadvegen.
9. Kollektivtiltak i Kvinnherad kommune. Vi viser til synfaringsrapport til Hordaland fylkeskommune, statens vegvesen og Skyss 23 juni 2016
10. Punktutbetring i samsvar med investeringsprogrammet. Viktigast er trafikksikring skuleveg.

Investeringsprogrammet finn ein i linken under:

<https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/politikk/hoyringer/forslag-til-investeringsprogram-for-fylkevegnettet-til-rtp-hordaland-2018-2029.pdf>